

HUSORDENSREGLAR

Bakgrunn:

Iht. til vedtak fatta på konstitueringsmøte for Storegården Sameige 25.08.03, skal det fastsettest husordensreglar for eigedomen g.bnr. 21/454 i Førde Kommune. Husordensreglane er utarbeid av styret for sameiget etter fullmakt ifrå konstitueringsmøtet.

1. **Ro på eigedomen:** Det skal vere ro i innvendig fellesareal (heis-/trappehus, korridor 3 etg. og gatesmau 4 etg.), på terassar/balkongar til leilegheitene og på alt uteareal på eigedomen (parkeringsplassar, fortau, område utanfor hovudinngang) kvar dag i tidsrommet kl. 23.00 – 07.00.

Med ro meinast at det ikkje skal foregå støyandes aktivitet som er, eller kan tenkast å vere, til sjenanse for dei andre sameigarane.

Fester og andre tilstelningar som kan tenkast å vere støyande skal varslast berørte sameigarar i god tid på forhånd.

2. **Orden i fellesareal:** Det er kvar enkelt sameigar sin plikt å halde alt utvendig og innvendig fellesareal ryddig. Gjenstander tilhørande sameigar som kassar, innbu, sportsartiklar, barnevognar og liknande skal ikkje oppbevarast i fellesareal.

Einkvar forureining av innvendig og utvendig fellesareal er forbode. Alt avfall skal leggst i dertil bestemte avfallscontainere i avfallsrom i parkeringshus. Søl og rot i avfallsrom skal unngås. Skulle vaktmester finne det naudsynt å rydde eller reingjere i fellesareal vil dette verte utført for den ansvarlege sameigar sin rekning.

Bilar, motorsyklar og trøsyklar skal settast på anviste parkeringsplassar.

3. **Plakater:** Det er forbode å anbringe plakater og oppslag av einkvar art på eigedomen, med unntak av oppslagstavle ved postboksane i inngangspartiet.
4. **Dører:** Hovudinngangsdør, dør til avfallsrom og dør til parkeringshus skal alltid holdes låst.
5. **Dyrehald:** Det er ikkje forbod mot dyrehold på eigedomen og kvar sameigar står fritt til å halde vanlege husdyr. Sameigar med dyr som nyttar areal på eigedomen er pliktig å sørge for at dette til einkvar tid er rydda for evt. avføring og framstår i innbydande stand for andre brukarar. Dette gjeld spesielt grøntareal, fortau og parkeringsplassar.

Sameiger er ansvarleg for at husordensreglane vert overholdt av hans husstand og andre han har gitt adgang til leilegheiten eller eigedomen for øvrig. Vedkomande sameigar er og økonomisk ansvarleg for all evt. skade utøvd av desse personane som måtte oppstå på fellesareal, tekniske installasjonar eller bygning for øvrig.

Overnemde husordensreglar er vedteke av ekstraordinært sameigarmøte i Storegården Sameige, Førde 03.11.03.

Knut Martin Storegjerde
-styreformann-

Nelly Høyvik
-styremedlem-

Henrik Myklebust
-nestleiar-

Rek kopi 30/3-2010

[Handwritten signature]
Styreleiar
97176400